

ÅRSMELDING

FOR HERDLA KYRKJELYD 2024



Biskop Nordhaug sin visjon for Bjørgvin bispedøme lyder slik:

« Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.»

Årsmelding Herdla kyrkjelyd 2023-2024

Herdla sokneråd har hatt følgjande sammansetning i 2023: fram til kyrkjevalget:

Før valget:

Leiar: Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Nestleiar: Therese Ellingsund

Kasserar: Ivar Eidsaa

Skrivar: Therese Ellingsund

Medlem: Ove Berland

Medlem: Gunnvor Eggebø Næss

Medlem: Eirin Hansen Berg

Vara: Einy Daviknes

Vara: Solfrid Kongshaug Aase

Vara: Randi Sørhaug

Etter valget:

Leiar: Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Nestleiar: Fridtjov Skotnes

Kasserar: Ivar Eidsaa

Skrivar: Therese Ellingsund

Medlem: Ove Berland

Medlem: Solfrid Kongshaug Aase

Medlem: Randi Sørhaug

Vara: Gunnvor Eggebø Næss

Vara: Therese Ellingsund

Året 2023 har Herdla sokneråd hatt 10 møter og behandla ca.100 saker i tillegg til forskjellige meldingar. Sakene går som tidligere år ofte ut på å planlegge gudstjenestene, herunder plassere særskilte gudstjenester og arrangement i menighetshuset, som; 4- års og 6 – års gudstjenester, 50 års konfirmant jubileum, familiegudstjenester, tårnagent helg, temakvelder allhelgens dag, lys vaken, gudstjeneste på Fromreide eldresenter, medarbeidarfest, lysmesse, basar i Herdla kyrkjelydshus med fleire. Herdla sokneråd markerer samefolkets dag og fortset arbeidet med å sikre at tekstar til høgtlesning ved dåp også er tilgjengeleg på samisk (lule samisk og nordsamisk).

Pilgrimsturen vart gjennomført med ein mindre etappe enn før, pilgrimsturen gjekk fra bedehuset i Fauskanger via Lille Fauskanger og «Askøy på langs» ruta, og gjennom skogen til Herdla. Det var 9,6 km til fots, og vi var 5 personar som gjennomførte turen. Vi brukte ca. 4timar med pausar. Da folk kom til kyrkja, vart dei møtt av soknepresten med bollar og god drikke. Det var ein fin tur i naturen den dagen.

Vi får mange offersøknader, og vi må finne ut kven som skal tildelast takke offer.

Vedtaket om å lage ein varde av steinen etter “sjøvegs/kyrkjereis” ligg enno på vent.

Det er viktig å peike på alt det positive som har blitt gjennomført i kyrkja, på tross av begrensingar og stadige endringar på reglar.

Spesielt i 2023-24:

- Vi treng fleire dåpsvertar når det er dåp.
- Planlagt kurs for dåpsvertar vert utsatt på ubestemt tid.
- **Ny kyrkjelydssal:**
- Hausten -23 og våren -24 skjedde det noe stort i Herdla kyrkje. Då fekk vi ny kyrkjelydssal bak i kyrkja. Og det vart bygd på kvar side av våpenhuset: Kjøkken på den eine sida, og toalett på den andre sida.
- Arbeidet som blei gjort var svært fint, og vi kan mest ikkje sjå at det er eit påbygg. Ser ut som det har vore slik alltid.
- Vi takkar dei flinke og dyktige handverkarar som har fått til dette fine bygget, og salen bak i kyrkja. Vi vil også takke Askøy kommune for midlane vi fekk for å setje i gang.
- Dessutan er det tatt av to benkar på kvar side i kyrkjesalen, slik at vi kan ha plass til rullestol og evt. barnevogner, slik at dei slepp å sitje i midtgangen i kyrkja.
- I januar 2024 vart kyrkjelydssalen opna. No har kommunen teke over det gamle kyrkjelydshuset; eit hus som Askøy kommune eig.

Gudstjeneste deltaging:

Herdla sokneråd saman med presten evaluerer gudstjenestene sist møte og planlegg vidare gudstjenester.

Det er positivt med innslag av song og musikk i gudstjenestene, det er ønskeleg å nytte lokale musikarar.

Vi ønskjer fleire med i team.

Oppmøte i kyrkja varierer ein del, frå mange ved dåp, tårnagenthelg/lys vaken/familiegudstjeneste, til generelt sett få ved vanlige gudstjenester.

Arrangement i Herdla Kyrkjelyd:

Det har vore 39 gudstjenester i kyrkja og 10 gudstjenester ved eldresenteret, berre nokre av dei var med nattverd. Utenom vanlige gudstjenester hadde vi:

- Faste gudstjeneste med nattverd.
- Lysmesse med innskriving av nye konfirantar
- Alle helgens dag med åpen kyrkje lørdag ettermiddag og søndag ettermiddag.
- Gudstjeneste allehelgensdag. Dei som har gått bort vert minna, det vart tent eit lys for kvar einskild. Alle nære pårørande etter dei som var gått bort, var spesielt inviterte.
- 6-årgudstjeneste med utdeling av bok; TRE I EIT TRE.
- Familiegudstjeneste julafta.

- Gudstenester på Fromreide eldresenter med kaffi og noko attåt.

Andre arrangement:

- Fasteaksjon der konfirmantane er bøssebærarar for Kirkens nødhjelp.
- Haustbasar i kyrkjelydshuset. Vi selde lodd på butikken på Fromreide.
- Open kyrkje kvar søndag ettermiddag i juli.
- Konfirmantane har delteke i gudstjenestane med tekstlesing, inngangsprosisjon og lystenning under dåpen. Også deltaking ved kyrkjekaffi.

Kyrkjelydshuset:

I 2023 var ikkje kyrkjelydshuset utleigd så mykje som før, men brukt av og til i ulike samlingar.

- Soknerådsmøter
- Haustbasar
- Dåpsfest.
- Styremøte Herdla velforening
- Askøy turlag
- Minnesamvær etter gravferd
- Herdla golf leigde huset til styremøter.

Herdla barnekor:

Herdla barnekor held ikkje fram lenger, men dei lagde ein klubb med dei barna som var med. No kallar dei det venneklubben. Både barnekoret og venneklubben er lagt ned.

Det er trist at dette ikkje kunne fortsette, for det var eit fint tiltak for barna. Vi skulle gjerne hatt eit barnekor.

Misjonsprosjektet:

Herdla kyrkjelyd har avslutta misjonsprosjektet med Leif Heggernes. Det var i oktober/november 2021.

Det nye misjonsprosjektet til Herdla kyrkjelyd:

NMS (Det norske Misjonsselskap) ESTLAND. Vi hadde ein person frå misjonsprosjektet på ei gudsteneste som fortalte om prosjektet. Herdla kyrkjelyd har som mål å sende min. kr.500 pr. månad til dette prosjektet. Dersom vi kan, vil vi sende meir.

Arbeidet framover:

Målet er at fleire søker Guds hus. Vi må arbeide for at familiar med born kjem til kyrkja, og at dei kjenner seg heime her. Viktig at alle som kjem til Herdla kyrkje blir sett og inkludert i fellesskapet. Difor vil vi:

- Fortsette med babysong (om nok påmeldte).Dersom få er påmelde, kan vi gå saman med Tveit kyrkje.
- Halde fram med gudsteneste team
- Halde fram med aktivitetsskveldar på kyrkjesalen bak i kyrkja.
- Halde fram med formiddagstreff.
- Prøve å få ungdom aktivisert i kristent arbeid etter konfirmasjonstida, slik at dei kan være med i kyrkjelydsarbeidet i Estland.
- Halde fram med misjonsprosjektet.
- Soknerådet vil prøve å få i gang ei kyrkjeforening, eller kyrkjering, der vi kan komme saman og strikke eller hekle evt.sy, slik at vi kan ha til basaren. Håper det blir noen som har lyst å vere med på det; for eks. siste torsdag i måneden. Dette er eit sosialt tiltak som kan passe for mange

Salme 8, vers 4 og 5:

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar,
månen og stjernene som du har satt der,
kva er da eit menneske, sidan du kjem det i hug,
eit menneskebarn, sidan du tek deg av det?

For Herdla sokneråd

Februar 2025

Kjellaug Fauskanger Eidsaa - leiar